

NVE
Postboks 5091, Majorstua
0301 Oslo

23.05.24

Høringsuttale. Saksnummer 202013798.

Detaljplan for miljø og landskap, dam Botsvatn.

Bykle Sp meiner det er uheldig at slike tiltak gjennomførast som ein prosess utafor ordinær behandling etter plan og bygningsloven. Me er kjent med at dette har vært vanleg praksis for vasskraftutbygging, men me meiner prinsipielt at dette er ein praksis som er i ferd med å gå ut av tida.

Tiltak og behov for bruk av areal har me ikkje innvendingar på. Tiltaket botnar i eit fagleg begrunna krav om damforsterking av ein dam i konsekvensklasse 4. Me korkje ventar eller ynskjer at kommunane skal ha noko absolutt vetorett i slike sakar, men me meiner det ville vore rett at kommunane har større innflytelse på kor og korleis arealinngrepa blir gjennomført. Parallelt med at det no blir bedt om uttale til detaljplan for miljø og landskap har saka om mellombels dispensasjon frå reguleringsføremålet vært til behandling i kommunestyret. Som grunnlag for behandlinga i kommunestyret er folkevalde opplyst om at moglegheita til å påverke arealbruken er svært begrensa.

Dagens løysing inneberer at areal mellombels omdisponerast i kommuneplanen, masse/stein tas ut og areal tilbakeførast til opprinneleg LNF område etterpå.

Til detaljplan for miljø og landskap

1. Detaljplanen synes utelukkande å fokusere på visuell istandsetting. Rapporten frå Norconsult bærer også tydeleg preg av dette, av rapportens totalt 31 sider, blir kapittel 3.2 Mål for istandsetting kun tilgodesett med 4 linjer!
2. Planen burde innehalde mål for kva kvalitet istandsatt område skal ha etterpå. Er det ei målsetting at areal skal inngå som produktiv skog? Skal skog som reetablerast kategoriserast som lav, middels eller høg bonitet, evt anna kvalitetsmål?
3. Det er tatt høgde for at reetablering vil ta tid, utan at det er gjort noko forsøk på å anslå dette. Planen må ta høgde for ei oppfølging av istandsatt område for evt oppfølging av fastsatte mål (Mål som må inkludere meir enn det visuelle).

Sjølv om ein no ber om uttale til detaljplan for miljø og landskap sender me også nokre innspel til arealbruk og saksgang, ref innleiing:

1. Etterbruk av påverka areal.
Når ein no likevel gjer store inngrep i naturen/området burde kommunen ha påverknad på evt varig omdisponering av området. Ville det td vært aktuelt at eit slik uttaksområde kunne tene som industri, riggområde, anna?
2. Alternativvurdering/plassering. Det er i saken ikkje vist til alternativvurderingar for plassering av massetak. Kunne det td vært mogleg å ta ut masse inne i magasinet. Det er munnleg orientert i kommunestyret frå prosjektleiar i Å/OB om at dette er valgt bort pga kostnader som fylgje av magasinrestriksjonar. Energitalp blei opplyst til 50 gWh. Utover dette er det til sak om dispensasjon frå kommuneplanen inga opplysningar i saksdokumentasjonen der slike vurderingar fremgår.
3. Disponering av overskotsmasser. Av saksdokument fremgår det at ein rekner med at kun omlag halvparten av utsprengt masse vil vere eigna til plastringsstein. Resterande skal fyllast tilbake som del av den visuelle tilbakeføringa. Å ta ut steinmasse krevjer både arealinngrep/tap av natur og energi. Og ikkje kunne nytte masse som likevel er sprengt ut fremstend som lite berekraftig. Trong for stein/masse til andre prosjekt vil då krevje ytterlegare inngrep.
4. Kommunestyret har handsama saken som ein dispensasjon frå kommuneplanens føremål (LNF), utifrå saksdokumenta fremgår det at det alltid vil vere grunnlag for å gje disp i slike saker. Me meiner det er uheldig at kommunen i slike saker blir ståande som den instans som gjev dispensasjon når ein i røynda ikkje opplever å ha noko reelt val. Det er i tida stort fokus på arealbruk, eit slik tiltak som dette er då eit godt døme der den kommunale forvaltninga indirekte får ansvar for arealinngrep som storsamfunnet krev.

Bykle SP